

Bacheloroppgåve

## **Seksuelle overgrep**

Barnehagelæraren sitt ansvar etter mistanke om seksuelle overgrep mot barnehagebarn

Karin Hurlen Vatnehol

Barnehagelærerutdanning  
BLUBA  
2017



HØGSKULEN  
I VOLDA

## **Forord**

Denne oppgåva er eit av dei avsluttande gjeremåla før eg er ferdig utdanna barnehagelærer. Eg bestemte meg tidleg for å skrive om barn si psykiske helse på grunn av at eg tykkjer ikkje eg har nok kunnskap om dette. Eg var lenge usikker på kva undertema eg skulle velje. Til sist bestemte eg meg for å skrive om det temaet som kanskje er mest tabu; seksuelle overgrep mot barn. Eg vil rette ei stor takk til mine tre informantar som stilte opp, og var veldig positiv til å gje meg den informasjonen eg trong for å skrive oppgåva. Vidare vil eg også rette ei stor takk til min rettleiar, og min medstudent, som har gjeve meg gode innspel og refleksjonar gjennom heile prosessen. Til slutt vil eg også takke familie som har vore veldig positiv støtte.

# Innholdsliste

Samandrag.....	4
1. Innleiing.....	5
1.1 Forståing av temaet seksuelle overgrep.....	5
1.2 Problemstilling og sentrale omgrep.....	5
1.3 Oppbygging av oppgåva.....	6
2. Kunnskapsgrunnlag.....	7
2.1 Lovverk og Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgaver.....	7
2.2 Seksuelle overgrep.....	8
2.3 Konsekvensar av seksuelle overgrep.....	9
2.4 Tabu og skam .....	10
2.5 Omsorg i barnehagen .....	11
2.6 Samtaler med barnet .....	12
2.7 Områder som bør bearbeidast etter overgrep.....	14
3. Metode.....	15
3.1 Førforståing.....	15
3.2 Kvalitativ intervju.....	15
3.3 Dataanalyse.....	17
3.4 Reliabilitet og validitet.....	18
3.5 Forskingsetiske omsyn.....	19
4. Presentasjon av datamaterialet.....	20
4.1 Informantane mine.....	20
4.2 Barna sine uttrykk om overgrepa.....	20
4.3 Å gje barnet rom til å snakke om overgrepet.....	21
4.4 Den trygge og gode barnehagekvardagen i ettertid.....	22
5. Drøfting og refleksjon.....	24
5.1 Barna sine uttrykk – den vanskelege mistanken.....	24
5.2 Å skape tryggleik for barna.....	26
5.3 Den viktige samtalen – tid til ettertanke .....	28

6. Konklusjon .....	30
Litteraturliste .....	32
Vedlegg .....	34
1. Informasjonsskriv og samtykkeskjema til informantane.....	34
2. Intervjuguide med oppfølgingsspørsmål.....	36

## Samandrag

Føremålet til denne oppgåva var å finne ut korleis barnehagelærarar arbeider med barn som har vore utsett for seksuelle overgrep. Eg var nyfiken på kva ein kunne gjere i barnehagen, og korleis møte barnet etter der er mistanke om seksuelle overgrep. Etter endringar i prosessen, vart problemstillinga mi: *«Kva legg barnehagelærarar vekt på i arbeid med barn der det er mistanke om seksuelle overgrep?»*

Etter det eg har funne, er det lite forskning på temaet seksuelle overgrep, og eg voner denne oppgåva kan vere med å skape openheit om temaet, og kanskje også vidare forskning.

Eg har presentert teorigrunnlag for kva barnehagelæraren er pliktig til å gjere etter mistanken, forklart seksuelle overgrep, og kva konsekvensar det kan ha for barna seinare i livet. Dette er noko av grunnlaget for kvifor eg har vald seksuelle overgrep som tema for bacheloroppgåva. Vidare har eg skrive om skam og tabu i forhold til seksuelle overgrep, før eg presenterte sentral teori i høve oppgåva. Deretter skreiv eg kapittelet om metodevalet mitt, og neste kapittel er presentasjon av informantane mine og datamaterialet. Sentrale funn handla om tryggleiken til barnet, og det var viktig for barnehagen å skape ein vanleg kvardag for barnet i barnehagen. Vidare tok eg føre meg drøfting og refleksjon kring funna mine sett i lys av relevant teori. Dette resulterte i avslutninga og konklusjonen på oppgåva. Til slutt finn du litteraturlista, og vedlegg til oppgåva.

# Kapittel 1 – Innleiing

I denne oppgåva vil eg fordjupe meg i temaet seksuelle overgrep mot barn, og kva barnehagelærarar kan gjere etter dei har mistanke om eit barn har vore utsett for seksuelle overgrep. I dette kapittelet vil eg først greie ut om mi forståing av seksuelle overgrep, før eg tek for meg avgrensing av temaet og kva problemstilling eg avgrensa fordjupingsområdet til. Her vil eg også avklare sentrale omgrep i problemstillinga mi. Til slutt vil eg gjere kort greie for korleis oppgåva er bygd opp.

## 1.1 Forståing av temaet seksuelle overgrep

Seksuelle overgrep er eit tema eg tenkjer vert snakka meir om i dag, enn før i tida. Samstundes så ser det framleis ut til å vere tabu og snakke om det. Det er vondt, og det er noko ein helst vil la vere å snakke om. Det kan vere naturleg at vi unngår å snakke om det, då vi som er vaksne no, vaks opp med haldningar om at dette ikkje var noko ein snakka om, eller var noko som skjedde. Det var ikkje eit tema, for korkje barna eller dei vaksne.

Som kommande barnehagelærar er det viktig å vite at seksuelle overgrep skjer, og det skjer nok mykje oftare enn vi vil tru og tenkje. Vi må vite kva vi skal gjere for å hjelpe barna i ein så vanskeleg situasjon. Difor er kunnskap viktig, i tråd med at ein set temaet i fokus, og hjelper samfunnet å syne at vi kan ikkje la dette vere tabu lengre.

## 1.2 Problemstilling og sentrale omgrep

Seksuelle overgrep er eit vidt tema, og sidan eg er kommande barnehagelærar, så vil fokuset i denne oppgåva handle om barnehagelærarrolla sitt perspektiv på korleis arbeide med barn som har opplevd seksuelle overgrep. Det er ikkje lett å vite kva som skjer i barnet sitt liv utanom barnehagen, og difor tenkjer eg på korleis barnehagelærarane arbeider etter *mistanke* om kva som kan ha skjedd. Problemstillinga mi vart då avgrensa til:

**«Kva legg barnehagelærarar vekt på i arbeid med barn der det er mistanke om seksuelle overgrep?»**

For å finne svar på denne problemstillinga, skal eg lese relevant litteratur, og intervjuje tre barnehagelærarar.

Det første sentrale omgrepet i problemstillinga mi er *barnehagelærar*. Her refererast det til dei som har teke førskulelærerutdanning (og eventuell vidareutdanning), og som arbeider som barnehagelærar eller styrar i barnehage. *Mistanke* er det neste sentrale omgrepet, og her vert det referert til som når barnehagelæraren trur det kan ha skjedd eit overgrep, anten ved noko er sagt, gjort eller barnehagelæraren har grunn til å tru at det har skjedd. Det siste omgrepet eg tek føre meg i problemstillinga, er *seksuelle overgrep*. Dette omgrepet er utdjupa meir i kapittelet om kunnskapsgrunnlag, men her vil eg vise til Aasland (2009, s. 31 – 32) sin definisjon. Ho forklarar at seksuelle overgrep er når ein autoritetsperson tvinger eller trugar eit anna menneske til å vere med eller sjå på seksuell omgang, åtferd eller handling.

### **1.3 Oppbygging av oppgåva**

I *innleiinga* introduserer eg tema, og korleis eg har formulert problemstillinga mi. Her vert også sentrale omgrep kort forklart.. Vidare kjem andre kapittel med *kunnskapgrunnlaget* for oppgåva, der eg trakk fram *Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver* (heretter referert til som Rammeplanen), sentralt lovverk, og relevant teori som seinare vil vere med i drøftinga. Kapittel tre handlar om metodevalet mitt, og korleis eg arbeida med metoda. I kapittel fire vil eg presentere informantane mine, og *datamaterialet* dei vil gje meg. Deretter kjem *drøftinga og refleksjon* i kapittel fem, og så kjem *oppsummeringa* med ein konklusjon på problemstillinga. Etterpå i oppgåva kjem *litteraturlista*, og heilt til slutt finn du *vedlegga* til oppgåva.

## **Kapittel 2 – Kunnskapsgrunnlag**

I dette kapitlet vil eg trekke fram relevant kunnskapsgrunnlag for barnehagetilsette si plikt ovanfor barna i forhold til omsorg og seksuelle overgrep. Dette for å syne kva juridiske pliktar ein barnehagelærer har ovanfor barna i barnehagen. Vidare forklarar eg kva seksuelle overgrep er, og kva konsekvensar seksuelle overgrep kan ha for det einskilde barnet. Grunnen for å ta med konsekvensar av seksuelle overgrep er for å syne kor viktig det er å hjelpe barn som opplever det. Tabu og skam er sentrale omgrep i forhold til seksuelle overgrep, og eg har vald å forklare desse omgrepa då dei vert nemnd fleire stadar seinare i oppgåva. Deretter tek eg føre meg kunnskapsgrunnlag om omsorg i barnehagen, vidare ei utgreiing om samtaler med barn, og til slutt om kva områder som bør bearbeidast etter seksuelle overgrep. Ei av oppgåvene til barnehagelæraren er å syne omsorg for barna i barnehagen. I delkapitlet om samtaler med barn er fokuset på kva som er viktig å hugse på i samtaler med barn som har vore utsett for seksuelle overgrep, og ei kort utgreiing om ulike typer metodiske samtaler.

### **2.1 Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver og lovverk**

I Rammeplanen står det at barnehagen er i ein sentral posisjon i forhold til barna for å kunne observere, og finne ut om barna sine omsorgs – og livssituasjonar. Dei tilsette i barnehagen skal ha eit medvite forhold til at barn kan bli utsett for omsorgsvikt, seksuelle overgrep og vald. Dei tilsette må difor vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette, og ha kjennskap til opplysningsplikta til barnevernet, etter barnehageloven § 22 (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 13).

Barnehagepersonale har opplysningsplikt til barnevernet når det er grunn til å tru at eit barn har blitt utsett for alvorleg omsorgssvikt. Teieplikta skal ikkje vere til hinder for opplysningsplikta (Barnehageloven, § 22).

Vidare står det i føremålsparagrafen til barnehagen at barnehagen har som føremål å ta vare på barna sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (Barnehageloven, 2005, § 1). Ettersom eg som kommande barnehagelærer skal



mellom anna ta vare på omsorgsbehovet til barna, er det viktig at eg har kunnskap om seksuelle overgrep mot barn for å kunne møte desse barna på ein høveleg måte.

## 2.2 Seksuelle overgrep

Seksuelle overgrep er eit vidt omgrep der det er mange faktorar involvert. Her er det trekt inn to ulike definisjonar for å forklare omgrepet på best mogleg måte. Eg har vald fleire synsvinklar på omgrepet for å syne kor vidt omgrepet er, og ulike synsvinklar for å forstå kva det handlar om.

Aasland (2009, s. 31 – 32) forklarar at seksuelle overgrep er når ein autoritetsperson tvinger eller trugar eit anna menneske til å vere med eller sjå på seksuell omgang, åtferd eller handling. Seksuelle overgrep er ei kvar form for seksuell kontakt der eine parten ikkje kan samtykke på grunn av ulike forhold, til dømes alder, funksjonshemming, evne, rusing, trugslar, frykt eller redsel. Overgrep er når handlinga er ulovleg, løyndomsfull eller ikkje kan kome ut i det offentlege. Incest er ofte brukt innanfor seksuelle overgrep, og er juridisk sett når nære familiemedlem gjer overgrep mot kvarandre. Seksuelle overgrep omfattar både fysiske og/eller psykiske overgrep eller krenkingar.

På den sosialfaglege, psykologiske og sosiologiske sida vert seksuelle overgrep mot barn forklart ved at det er ei seksuell handling som barnet ikkje kan forstå, ikkje er modent for og ikkje kan gje informert samtykke til. Den seksuelle handlinga krenkjer barnet sin integritet då den vaksne utnyttar sin maktposisjon og barnet si avhengigheit. Handlinga set behova til den vaksne først. Overgrepssituasjonen er ofte prega av vald, tvang eller truslar. Overgriparen kan også lure barnet på ulike måtar. Ein må også tenkje på overgriparane kan gjere overgrep ved å bruke nye, teknologiske hjelpemiddel (Kunnskapsdepartementet, 2003, s. 9).

Barn kan gje vage signal på seksuelle overgrep. Det kan vere regresjon, der barnet går attande i utvikling. Andre teikn kan vere at barnet har mareritt og vonde draumar, og vere generelt sett trist og tungt. Åtferda til barnet kan endre seg ved å syne åtferd det ikkje har hatt før, til dømes aggresjon, passvitet eller konsentrasjonsvanskar. Forholdet barnet har til eigen kropp

kan kome til uttrykk i fysisk kontakt med andre, eller det motsette ved å springe naken rundt. Barnet kan også vere klengete eller gni kjønnsorgana sine mot andre. Det kan kome til uttrykk ved seksuell utagering, og bruke avansert seksuelt språk i høve alderen og modningsnivået til barnet. Barnet kan få angst, kome med uttrykk om å ville dø eller ha generelt dårleg sjølvbilete. Vanlege kroppslege teikn kan vere mykje vondt i hovudet, spente musklar, vondt i magen eller tissen, urinvegsinfeksjon eller problem med å ete. Samstundes treng ikkje teikna å bety at barnet er utsett for seksuelle overgrep, då ein må sjå heilskapleg på korleis barnet er, og kva barnet eigentleg prøver å seie (Aasland, 2009, s. 65 – 70).

### **2.3 Konsekvensar av seksuelle overgrep**

Jørgensen & Lillevik (2016, s. 187 – 188) forklarar at menneske som har opplevd gjentekne eller vedvarande traumatiske påkjenningar i mellommenneskelege relasjonar, til dømes ved overgrep, kan få traumer. Ei traume er når det blir overstimulering av hjerna sin alarmsentral, forstyrning i reguleringa av stresshormon og meir sensitive nevrane nettverk som gjer at ein ser meir fare, og er klar for kamp gjennom sjølvforsvar. Traumatiserte hendingar kan føre til at hjerna sitt reguleringssystem vert brote ned.

Richard Kluff hadde ulike kriterer for traumatiske hendingar barnet kan kome i etter overgrep. Det første kriteriet handlar om at barnet frykter for sitt liv. Det andre kriteriet handlar om frykt for nære personar skal dø, og det tredje kriteriet handlar om at barnet skal skadast fysisk, eller medvitet brytast ned eller svekkjast. Det fjerde kriteriet til Kluff handlar om at barnet isolerast med redslane, og det femte og siste kriteriet handlar om at barnet blir systemisk hjernevaska og/eller ikkje informert om sin eigen situasjon (sitert i Sjøftestad (2005, s. 63).

Barn som har opplevd seksuelle overgrep kan slite med svik og maktesløyse, stigmatisering, skam og skuld. Barna kan oppleve problem med eigen seksualitet som ofte oppstår i ungdoms – og vaksenalder (Sjøftestad, 2005, s. 66).

Søftestad (2005, s. 69 – 70) hevdar at på grunn av psykiske påkjenningar og etterverknadar av seksuelle overgrep, vil medføre at deler av kunnskapen frå grunnskulen går tapt. Dette vil ofte følgje barna gjennom vidaregåande skule og ut i arbeidslivet seinare. Dei kan få svak økonomi, lite konkurransedyktige på arbeidsmarknaden og lav sosial status som følgje av dette.

Barn kan oppleve sorg og svik på fleire plan. Dersom barnet er knytt til den som gjer overgrepet, kan barnet oppleve stor sorg over tapet av denne personen, sjølv om barnet ikkje vil møte overgriparen igjen. Barnet var kanskje glad i overgriparen, og gjev ikkje opp håpet om at alt skal bli som før overgrepssituasjonen. Det kan vere mykje smerte og sorg over tapt barndom, tapt familie og eit vanskeleg liv. Samstundes kan barnet kjenne tap over den signifikante andre som var snill og god. Overgriparen i den signifikante andre var ein annan person enn den snille og gode vaksne (Aasland, 2009, s. 118).

## **2.4 Tabu og skam**

Tabu tyder at det er sosialt forbod mot å snakke om det eller synleggjere det. Dersom ein snakkar om noko er tabu, lagar kulturen sanksjonar. Til dømes å bli sett ned på, oversett eller bli bedt om å vere stille då dette ikkje er noko vi snakkar om. Slik er ein med på å oppretthalde tabuet ved å la det usynlege vere usynlege. Tabu kan ha to ulike verknadar ved at det kan vere førebyggande og ikkje – gjerande. Ved at tabu er førebyggande, tenkjer ein det som ei hindring mot at vaksne gjer seksuelle handlingar mot barn, og ved at tabuet er ikkje – gjerande meinast det at det har ikkje skjedd, og hindrar det utsette barnet og andre å snakke om kva som har skjedd. Dette kan vidare føre til at vaksne ikkje trur at overgrep mot barn kan skje (Søftestad, 2005, s. 25). Søftestad trekk fram at seksuelle overgrep ser ut til å framleis vere eit tabu. Dette kan forklarast ved at einskildpersonar er med å oppretthalde tabuet. Søftestad skriv vidare at seksuelle overgrep er eit kjend fenomen i vårt samfunn, og vert ofte møtt med sterke motstridande kulturelle krefter (2005, s. 28 – 29).

Benum definerar skam som eit sosialt fenomen som ber eit budskap om at noko ikkje har verdi i samfunnet, og at ein har gjort noko gale. Offeret vert klandra, og ofte sosialt utstøtt frå samfunnet (2003, s. 138). Øvreeide forklarar skam ved å sei det er sosialt uakseptabelt. Likevel kan dei som er nær den som har gjort handlinga, også kjenne skam, og skamkjensla

kjenneteiknast ved at den er knytt til den reelle, potensielle eller forventede underkjenninga og avvisinga (2009, s. 45).

Det er vanleg at ein kjenner skuld eller skam etter å ha vore utsett for overgrep. Det kan vere fordi den som vert utsett for overgrepet ikkje klare å seie nei, eller han/ho oppsøkte overgriparen. Overgriparen kan ha spelt på barnet sine kjensler om å gje skuldkjensle og at overgriparen vert vonbroten dersom barnet ikkje gjer det overgriparen ønskjer (Aasland, 2009, s. 74).

## **2.5 Omsorg i barnehagen**

Tholin skriv at omsorg er eit av dei fire kjerneomgrepa i barnehagen, og omsorg er ei primæroppgåve for barnehagetilsette. Det skal takast utgangspunkt i barna sine individuelle føresetnadar med fokus på å høyre og leve seg inn i barna sine situasjonar (2013, s. 45). Ein omsorgsrelasjon består av deltakarar der begge bidreg og er aktive, der forholdet mellom dei kjenneteiknast av kvalitetar som begge anerkjennar som omsorg, og dette fører til ein gjensidig relasjon (Tholin, 2013, s. 20).

Tholin hevda i 2008 at omsorg skal gjennomsyre alt arbeid i barnehagen og er difor eit gjennomgripande område som fordrar etisk funderte haldningar. Det er i handling barnehagelærarar sin solide kunnskap kjem til uttrykk, og det kan til dømes vere teoriar om korleis utøve omsorg, eller vise alle barna respekt i alle situasjonar (sitert i Tholin, 2013, s. 25).

Barn som har opplevd traumer ser på verda som ein utrygg stad, og har vanskeleg med å stole på andre. Slik kan det vere vanskeleg for den vaksne å byggje ein god relasjon til barnet. Ei tilnærming frå den vaksne si side er å vere fleksibel og sensitiv i relasjonane til barnet, der det er føresetnad for tryggleik og vere forutsigbar (Norheim 2014, s. 177). For å regulere kjenslene kan kroppslige aktivitetar og kreative uttrykk hjelpe barnet. Song, dans, rytmer, pusteøvingar, avspenningsøvingar og leik kan føre til at barnet roar seg. Det er veldig viktig at barnet er i samspel med andre (Norheim 2014, s. 179).

Hopper, Bassuk & Olivet nytter traumemedviten omsorg om fysisk, psykisk og kjenslemessig tryggleik for både omsorgspersonen og den traumeutsette. Den har til føremål å skape moglegheiter for den traumeutsette til å byggje opp att kontroll og meistring av eigne indre og ytre livsbetingelser. Traumemedviten omsorg bygg på at omgjevnadane er prega av tryggleik, god relasjon og kjensleregulering (sitert i Jørgensen & Lillevik, 2016, s. 189). Barn som har opplevd seksuelle overgrep har ofte ikkje fått utvikla gode måtar å regulere overveldande kjensler. Kjenslene kan ta mykje plass og presse på barnet, og kan få stort utslag på normale kjensler (Andersen, 2014, s. 61).

Noko av det viktigaste for barn sin tryggleik, er at dei nære omsorgspersonane til barnet har fått informasjon om stoda til barnet, og at barnet veit dette (Øvreeide, 2009, s. 173).

## **2.6 Samtaler med barnet**

I samtaler med barn som har vore utsett for seksuelle overgrep får den vaksne dra nytte av sin eigen kunnskap og eiga erfaring. Samtundes vil samtalen med det einskilde barnet få den vaksne til å reflektere kring førestillinger og forståing. Barnet har i denne situasjonen meir kompetanse fordi barnet har spesielle erfaringar med overgrep, si oppleving av seksuelle overgrep og overgriparen. Den vaksne kan få tak i informasjon og kompetanse om fenomenet seksuelle overgrep og konsekvensar av traumer, i tillegg til kunnskap om kva som kan og skal gjerast når overgrep vert avdekt. Det er alltid ei fare for at barnet vert behandla som eit objekt i samtalar med vaksne då til dømes fokuset kan vere å vite meir om fenomenet seksuelle overgrep eller om overgriparen, og ikkje bry seg i større grad om barnet sine opplevingar (Søftestad, 2014, s. 134 – 135).

Barn som har vore utsett for seksuelle overgrep kan ha problem å snakke om det av ulike grunnar. Det kan vere at overgriparen har pålagt barnet at det skal tie, elles skjer det noko vondt med dei signifikante andre til barnet. Opplevinga kan ha sett så traumatiske spor at det er vanskeleg for barnet å snakke om det. Barnet kan også oppleve skuld og skam i høve overgrep og difor ikkje snakke om det. Barnet kan også vere på ulike nivå av alder, modning og kognitiv utvikling der desse forholda påverkar om barnet klarar å setje ord på hendinga og

forstår kva som er rett og gale i høve kroppen sin, seksualitet og skildre seksuelle opplevingar (Søftestad, 2014, s. 135 – 136).

Det er viktig å hugse på at samtalen sitt føremål er å tene ei medvite fagleg føremål, og det er ikkje meininga at samtalen skal gje negative konsekvensar. Dette gjeld uansett kva type samtalemetode ein brukar for å nå føremålet (Øvreeide, 2009. s. 161).

Når vi brukar metodiske samtalar med barn, så kan vi bruke eit føremålshierarki som kan sjåast i fire føremål. Det første føremålet kallar Øvreeide *forhindre* der ein ikkje skal gjere vondt verre ved å gjere problem større og meir alvorlege. Det andre føremålet er *stoppe*, som går ut på at den vaksne har ei plikt å stoppe prosessar som hemmar utviklinga til barnet, til dømes omsorgssvikt og overgrep. Det tredje føremålet er å *lindre* skadene barnet har teke av forholda barnet har vore utsett for. Det siste føremålet er å *straffe*, der det handlar om at overgriparen får si straff av samfunnet. Sistnemnde punkt er ikkje relevant for barnehagelærarar då dette er opp til politiet og retten å avgjere (Øvreeide, 2009. s. 164).

Øvreeide (2009, s.168) deler samtalan med barn inn i to hovudføremål. Vi har samtalan som er informasjonsgjevande og fører til bearbeiding på den eine sida, og undersøkjande samtalar på den andre sida. Dei samtalan som er informasjonsgjevande og fører til bearbeiding skal i hovudsak gje informasjon til barnet, og støtte barnet. Samtalan skal prøve å få barnet til å meistre og forstå situasjonen det er i. Dei undersøkjande samtalan handlar på si side å få informasjon som barnet sit på, og som den vaksne treng for å ivareta barnet sine behov og eventuelt betre livssituasjonen.

I arbeid med barn etter mistanke om seksuelle overgrep kan både støttande og bearbeidande samtalar vere relevant. I dei støttande samtalan er det i hovudsak føremål om å gje barnet meir tryggleik i den vonde situasjonen, og ei medkjensle om kva som har skjedd. I samtalar med bearbeiding er det meir relevant å endre, utvide og påverke barnet si forståing og emosjonelle oppleving. Samtalan er knytt til særskilde hendingar. Noko av det viktigaste for

barn sin tryggleik, er at dei nære omsorgspersonane til barnet, har fått informasjon om stoda til barnet, og at barnet veit dette (Øvreide, 2009, s. 180 – 181).

## 2.7 Områder som bør bearbeidast etter overgrep

I Kripos sin rapport om seksuelle overgrep mot barn under 14 år kom det fram at ein stor del av barna var utsett for dei mest alvorlege krenkingane, og krenkingane skjedde over lengre tid. I aldersgruppa som tilsvara mellom anna dei eldste i barnehagen vart det gjort flest overgrep frå foreldre eller føresette (Kripos, 2016, s. 11).

Jørgensen og Lillevik (2016, s. 190) meiner at i barnehagen bør ein arbeide med ulike område for å hjelpe barn som har vore utsett for seksuelle overgrep. Det er ikkje alle områda som er like enkle og relevante for barnehagelærarar å arbeide med, men ein må vere medviten på desse områda, og hjelpe barnet etter beste evne ut i frå dei ulike kontekstane.

Det første området forfattarane nemner er *tilknytning* då barna kan kjenne seg utrygge og i beredskap når det gjeld moglege truslar. Truslar kan ha vore vanleg i overgrepssituasjonen. Barna kan kjenne mistillit til andre, og vere på vakt for å bli avvist. Det andre området handlar om *kognitive eigenskapar* då barna kan ha problem med tankane sine og refleksjon. I tillegg kan dei ha utfordringar med forståing av språk og ulike situasjonar. Det tredje området går ut på å *regulere åtferda si*. I dette området går forfattarane ut i frå at barnet har redusert kontroll av eiga åtferd, og redusert eller manglande impuls kontroll. Det fjerde området er *affektsregulering*. Her handlar det om at barna har redusert evne til å regulere kjensler, og dei ikkje klarar å roe seg ned i intense situasjonar. Det femte området handlar om *sjølvbiletet* til barna. Dei kan kjenne seg verdilause og skamme seg over seg sjølv etter at overgrep har skjedd. Barna kan også vere overoppteken med å bli teke vare på, og ha for fysisk eller seksualisert åtferd. Det sjette området handlar om *dissosiasjon og fråkopling frå omverda*. Barna kan kjenne seg fjern og nummen, både i kroppen, i kjenslene og i minna sine. Det sjuande og siste området handlar om *den biologiske fungeringa og modninga til barnet*. Som eit resultat av overgrep kan den motoriske utviklinga bli forseinka, barna kan få fordøyelsessvanskar og generelt kroppslege smerter og sjukdom.

Dette kapitlet har handla om sentral teori og teoretiske perspektiv som er viktig for arbeid med barn etter mistanke om seksuelle overgrep. Teorien er meint å gje eit innblikk i temaet og kvifor det er viktig for barnehagelærarar. I neste kapittel vil eg presentere metoden eg har vald å bruke for å svare på problemstillinga mi; kva legg barnehagelærarar vekt på i arbeid med barn der det er mistanke om seksuelle overgrep?

## **Kapittel 3 – Metode**

I dette kapitlet skal eg presentere metoda eg har brukt i oppgåva mi. Innleiingsvis presenterer eg førforståinga mi for å synleggjere ståstaden min før eg byrja å lese om emnet og intervjuje barnehagelærarar. Deretter kjem ei kort utgreiing om kva kvalitativ og kvantitativ metode er, før eg greier ut om metodevalet mitt. Vidare tek eg føre meg om analysa av datamaterialet, og om reliabilitet og validitet av datamaterialet. Til slutt vil eg greie ut om etiske omsyn eg måtte vere medviten om i innhentinga av opplysningar.

### **3.1 Førforståing**

Mi førforståing for temaet var at seksuelle overgrep mot barn er eit tema som er vanskeleg i samfunnet vårt, og mange let att augo med haldninga at dersom vi ikkje ser det, så finns det heller ikkje. Eg trudde det var vanskeleg for barnehagelærarar å arbeide med det, då tida ikkje strekk til i ein travel kvardag, og ein voner at barna får hjelpa dei treng frå andre instansar, til dømes barnevernet. Sidan seksuelle overgrep er stort og omfattande, kjende eg at eg hadde behov for meir kunnskap om seksuelle overgrep, og difor ville eg fordjupe meg i dette temaet.

### **3.2 Kvalitativ intervju**

Det som var føremål med kvalitativ metode var å finne fram nyanserte skildringar av situasjonen intervjupersonen er i, og det kvalitative intervjuet si styrke ville vere presisjonen i skildringa og fortolkinga av kva innhaldet tyder. Det var viktig å stille utfyllande spørsmål, og vere ein aktiv deltakande forskar for å få mest mogleg dekkande skildring av situasjonen (Dalland, 2017, s. 68). Den kvantitaitve metoda gjev på si side målbare og konkrete tal som ein kan rekne med. Føremålet er å vere mest mogleg presis, og innhenting av data skjer



anonymt utan at den som innhentar data er i personleg kontakt med feltet (Dalland, 2017, s. 52 – 53).

Thagaard (2013, s. 17) forklarar skilnaden mellom kvalitativ metode og kvantitativ metode ved at i kvalitativ metode går ein djupna, og legg vekt på tydinga av materialet ein får tak i, medan i kvantitativ metode legg ein vekt på omfang og tal.

I oppgåva mi brukte eg kvalitativ metode fordi eg ønskte å finne ut meiningane til dei einskilde informantane om korleis barnehagelærarane arbeida med barna etter mistanken om seksuelle overgrep. Eg ville få fram tankane til informantane, og vise forståing og nærleik med dei (Dalland, 2017, s. 52 – 53). Eg var ikkje interessert i å finne ut statistikk då eg ikkje ønskte å sitje att med tal som data, i motsetning til det kvalitative intervjuet som gav meg ei god fordjuping i temaet, og informantane mine fekk svare det dei tenkte, og gav ikkje fastsette svar. Vidare gav denne metoda meg ein heilskap og ei forståing av seksuelle overgrep som eg berre ville fått gjennom å intervjuje barnehagelærarar som har arbeidd med seksuelle overgrep (Dalland, 2017, s. 53). Kvalitativ metode gav eit subjekt – subjekt – forhold, og eg måtte vere medviten at både eg og informantane påverka datamaterialet og forskingsprosessen (Thagaard, 2013, s. 19).

Eg valde å bruke intervju som metode for då kunne eg snakke med barnehagelærarar som har arbeida med barn som har vore utsett for seksuelle overgrep, og korleis dei arbeida med barnet i ettertid. Ettersom eg har vald eit tema og problemstilling som er sterkt knytt til teieplikta, ville det vere vanskeleg å få til observasjon som metode, etter Forvaltningsloven (1967, § 13 – 13f). Mitt fokus vart kva arbeidsmåtar dei brukte i dei barnehagane eg intervjuar i, og ikkje på einskildsaker då eg visste dette ville vere vanskeleg å svare på for informantane, utan at dei måtte bryte teieplikta.

Kvalitativt intervju gav meg refleksjonar og informasjon frå barnehagane som til dømes ikkje er skriven ned i planar og dokument barnehagen har for dette arbeidsområdet.

Dokumentanalyse hadde vore eit alternativ, men på grunn av avgrensa med tid på oppgåva og

mitt ønskje om å nå fram til informasjon som ikkje er skriven ned, valde eg intervju som metode.

### **3.3 Dataanalyse**

Nilssen (2012, s. 84 – 85) skriv at når ein skal analysere materiale ein har funne, kan det vere tenleg å kode funna først, før ein set i gong med å kategorisere dei. Eg organiserte datamaterialet eg hadde funne gjennom koding, slik eg lettare fann kva som var ulikt og likt i funna mine. Det var i analysa eg kom fram til kva eg ville drøfte, og kva data eg har funne, kva som overraska meg og kva som var i samsvar med forforståinga mi. Eg arbeida med intervjuguiden min slik spørsmåla vart kategorisert temavis. På den måten vart det lettare å kategorisere funna.

Nilssen (2012, s. 34) påpeikar at det var viktig å lage eit system som var lett å forstå, og leite etter datamateriale i. I intervjustudie kunne det likevel vere nok å analysere materialet etter dei ulike forskingsdeltakarane då mitt studie er ikkje av det mest omfattande. Dette vurderte eg, og tok føre meg eit og eit intervju der eg brukte fargekodar etter desse tre områda: kva uttrykk barnet viste, å gje barnet rom til å snakke om overgrepet, og den trygge og gode barnehagekvardagen i ettertid.

Eg må vere medviten om det Dalland (2017, s. 119) kallar forskningseffekten. Den går ut på at personar som veit dei vert observert/intervjua, kan svare eller oppføre seg annleis enn det dei elles ville ha gjort. Informantane kan la seg påverke av at dei er i ein intervjusituasjon. Dette kan påverke kor gyldig materialet er. Samstundes påpeiker Dalland at dette gjeld særskilt i studie som inneheld observasjonar. Eg valde å bruke noko av intervjutida på introduksjonsspørsmål for å ufarleggjere intervjusituasjonen, og bli betre kjend med mine informantar. På denne måten kunne eg motverke noko av forskningseffekten.

### 3.4 Reliabilitet og validitet

Det er viktig at informasjonen eg fann ut var relevant og gyldig, altså det som inngår i validitet, og at informasjonen var påliteleg der eventuelle feilkjelder vart opplyst om, som utgjer reliabilitet. Validiteten var gyldig for mine informantar på det tidspunktet dei vart intervjuet, og ikkje i barnehagar på landsbasis, jamfør Dalland (2017, s. 40) om validitet. Det vart meir relevant informasjon ved spørsmål som var retta mot problemstillinga, og ha oppfølgingsspørsmål som var oppklarande. Som forfattar av denne oppgåva og innhentar av informasjon frå informantane, så var oppgåva mi å synleggjere for lesaren at funna i oppgåva var truverdig med datamaterialet. Funna var avhengig av konteksten dei var henta inn frå (Nilssen, 2012, s. 75).

Korleis kan eg sørge for at informasjonen eg innhentar oppfyller desse krava? Det kan vere vanskeleg å få svar på spørsmål om eit så sensitivt tema som seksuelle overgrep. Dette valde eg å løyse ved at informantane fekk hovudspørsmåla på førehand, slik dei hadde moglegheit å førebu seg og eg kunne få mest mogleg utfyllande informasjon. På grunn av kommunikasjonssvikt frå mi side, fekk den eine informanten min diverre ikkje spørsmåla på førehand. Denne informanten fekk den tida ho trong før intervjuet til å lese over spørsmåla, og førebu seg på den måten.

Etter at intervjuet var gjennomført, hadde eg sett av tid rett etterpå til å transkribere intervjuet. Det vil seie å skrive ned ord for ord kva som vart sagt. Det var eit tidskrevande og strevsamt arbeid, men det gav meg ei moglegheit for å oppleve intervjuet fleire gongar, og var ein del av analysearbeidet. Når ein gjer om munnleg tale til tekst, så mister ein tonefall, mimikk, kroppsspråk m.m. (Dalland, 2017, s. 88 – 89). Eg valde å løyse dette ved å skrive i parentes ved pauser, latter og liknande. To av intervjuet fekk eg transkribert same dag som eg haldt dei, medan eit av intervjuet vart transkribert dagen etterpå. Dette på grunn av eg brukte mykje tid på transkriberinga slik eg fekk med alt som vart sagt. Eg valde å skrive om dialektene til nynorsk for å anonymisere informantane heilt då anonymisering av intervjuet var ei viktig føresetnad for deltaking.

Etter eg var ferdig med transkriberinga, var neste steg å analysere datamaterialet eg hadde henta inn. Her skreiv eg ut dei transkriberte intervju, og brukte tusjar med ulik farge for å skilje ulike tema i intervju. Deretter var det å skrive kva barnehagelærarar eg intervju hadde erfart i forhold til barn som hadde opplevd seksuelle overgrep, og korleis barnehagen handterte dette. Skildring av funna kjem fram i neste kapittel, der eg presenterer datamaterialet. Ved å sjå på likskapar og ulikskapar i funne mine, sat eg att med kategoriane; *barn sine uttrykk om overgrepa, å gje barnet rom til å snakke om overgrepet og den trygge og gode barnehagekvardagen i ettertid.*

### **3.5 Forskingsetiske omsyn**

Forskingsetikk handlar om å ta vare på personvernet til både barna i sakene det gjaldt, foreldra og informantane eg møtte. Det handlar om å sørge for informantane ikkje tek skade, korkje fysisk eller psykisk av intervjuet. Føremålet skal vere å få informasjon, men ikkje å skade den einskilde sin integritet og velferd (Dalland, 2017, s. 236). Her er det særst viktig at eg tok med meg god forskingsetikk ved å ta vare på informantane mine, og stilte spørsmål dei kunne svare på utan å bryte teieplikta samstundes så eg fekk svar på problemstillinga mi, jamfør god forskingsetikk (Dalland, 2017, s. 238).

Dei nasjonale forskingsetiske komitear har utarbeida forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitskap, humaniora, juss og teknologi (Dalland, 2017, s. 236). Desse retningslinjene går ut på mellom anna å sikre anonymitet til informantane. Eg sikra anonymitet på informasjonen eg fekk og informantane ved å ikkje bruke namn, kommune, stad eller andre opplysningar i det transkriberte intervjuet. Dialektene vart som sagt skriven om til nynorsk. Lydopptaka vart sletta med ein gong eg hadde transkribert intervju, og alt materialet var til ei kvar tid oppbevart på passord – og kodebeskytta elektroniske einingar. Slik eg er trygg på det ikkje kan sporast attande til mine informantar (Dalland, 2017, s. 239).

Gjennom dette kapitlet har eg greia ut om kva metodeval eg gjorde, og kvifor eg gjorde det. Vidare har eg skrive om korleis eg tenkte å analysere materialet, og ei utgreiing om korleis eg gjekk fram etter å ha intervju barnehagelærarane. Til slutt skreiv eg om dei forskingsetiske

omsyna eg tok for å ta vare på informantane mine. I neste kapittel skal eg presentere datamaterialet eg fann, kategori for kategori.

## **Kapittel 4 – Presentasjon av datamaterialet**

I dette kapittelet vil eg kort presentere informantane mine Lise, Karoline og Silje. Dette er fiktive namn for å halde på anonymiteten deira. Informantane var i møtekommande og gav utfyllande svar på spørsmåla i intervjuguiden min. Gjennom heile prosessen kunne eg eigentleg tenkt meg å vite endå meir om temaet, og intervju fleire, men på grunn av storleiken på oppgåva, og etter råd frå rettleiar, vart det tre informantar. Datamaterialet eg fann, er delt i kategoriane; barn sine uttrykk om overgrepa, å gje barnet rom til å snakke om overgrepet og den trygge og gode barnehagekvardagen i ettertid.

### **4.1 Informantane mine**

Den første informanten min, Lise, var utdanna førskulelærer, og hadde vidareutdanning i mentor 1 og 2. Ho hadde 11 år med fartstid i barnehage, og 10 år i den barnehagen ho no jobba i. Den andre informanten min, Karoline, var også utdanna førskulelærer og hadde jobba i barnehage i 18 år. Ho var no i sitt fjerde år i barnehagen ho no jobba i. Den tredje informanten min, Silje, var også utdanna førskulelærer i tillegg til vidareutdanning i mentor 1 og 2, og hadde arbeida i 21 år i barnehage.

### **4.2 Barna sine uttrykk om overgrepa**

Lise fortalde om omgrepet toleransevindaug som dei hadde jobba med i forhold til barna. Ifølgje ho handlar det om kor barnet fungerer best, og kor stimulert barnet er. Dersom barna blir lett aggressive eller sint, er dei kanskje utanfor si komfortsone. Barn som er utsett for seksuelle overgrep, har ofte eit smalt toleransevindaug. Ho fortalde at det var eigentleg åtferda til barnet som vekka bekymringa, men dei visste ikkje kva som låg bak før barnet uttrykte seg i seinare tid verbalt. Det var ord som ikkje var naturleg at barn brukar, og ikkje noko barnet kunne henta frå til dømes barnetv. Lise sa at det var det barnet fortalde i samband med åtferda barnet tidlegare hadde vist som fekk ho til å fatte mistanke om seksuelle overgrep.

Det var barna sjølv som fortalde verbalt om overgrepa i dei tilfella Karoline arbeida med. Ho fortalde at barna fekk vise kjenslene sine, fekk den tida dei trong til å fortelje om det som var vanskeleg. Karoline sa at eine gongen fortalde barnet direkte om overgrepet, medan den andre gongen var det litt meir vagt. Ho sa barnet fortalte ting som eigentleg var vanskelege å forstå. Det eine barnet fortalde under måltidssituasjonen, og Karoline fortalde «det berre datt ut» av barnet. Den andre gongen var i ein teiknesituasjon der det sat nokon få barn og teikna. Ho merka ikkje at åtferda generelt til barnet hadde endra seg noko, men at barnet ikkje visste heilt kva det kunne seie i ulike kontekstar. Slik eg forstod det synte barnet vanskar med å skilje mellom fantasi og røyndom. Dette hadde Karoline samtalar med barnet om, slik barnet vart meir trygg på kva som var sant, og kva som ikkje var det.

I tilfellet Silje fortalde om var det mor som hadde fortald at far hadde gjort noko mot sin son som ikkje var rett. Før barnet kom til denne barnehagen, så var barnevernet allereie kopla inn. Silje fortalde at saka var veldig tvitydig då barnet ikkje uttrykte noko, og dei fekk berre informasjonen gjennom mor. Silje la til at ein grunn til at barnet ikkje synte noko i denne barnehagen, kunne vere på grunn av far ikkje budde i nærleiken, og difor ikkje møtte opp i barnehagen. Det kunne ein jo ikkje vite.

### **4.3 Å gje barnet rom til å snakke om overgrepet**

Det som var viktig når barnet fortalde om overgrepet, var å vere ein vaksen som brydde seg, og som trudde på barnet og historia barnet hadde å seie, fortalde Lise. Vidare i saka var det viktig å skape tryggleik for barnet, og at ein som vaksen var roleg og avslappa, sjølv om saka var alvorleg. Dei var medviten om å snakke om vanlege ting med barnet for å ikkje gjere konteksten meir skremmande enn det var.

Karoline fortalde at ho ikkje ville spørje barnet med ein gong om overgrepet når dei andre barna hørte på. Så ho viste at ho hørte barnet der og då, og tok opp att tråden ved seinare høve. Karoline fortalde at i møte med barna i ettertid av mistanken om overgrepet, var det viktig å vere den trygge vaksne, å halde tilliten ved like, og vere ein vaksen som ein kunne

stole på. Ho tryggja barnet på at det var greitt å fortelje henne dersom det var noko, og at ho ville passe på barnet og hjelpe det.

I Silje sitt tilfelle så sa ho det var viktig å tryggje barnet, samstundes skulle ein ikkje framskape noko, men heller gjere kvardagen så trygg og normal som råd. Det handla om å vere ein sensitiv vaksen som møter barnet der det er, sa Silje. Ho sa at haldningane til personalet er viktig, då barn sin seksualitet og overgrep er tabu.

#### **4.4 Den trygge og gode barnehagekvardagen i ettertid**

Lise fortalde at dei prøvde å støtte barnet ved å tru på det barnet hadde å seie. Der var mange samtalar med barnet både før og etter, samstundes ville dei ikkje at barnehagen skulle vere forbunden med ein stad der ein skal snakke om dei ekle tinga. Dei prøvde å la kvardagen vere normal, samstundes så skulle det ikkje vere skuld og skam over det barnet fortalde.

Barnehagen var i dialog heile vegen med Barnehuset der dei fekk drøfta saka, og vite korleis dei skulle gå vidare steg for steg. Her var det pedagogen som førebudde samtaler med barnet, med å lage opne spørsmål og ta opp att tråden. Barnet fekk teikne litt innimellom spørsmåla, og både notatane og teikningane vart brukt seinare når saka vart teken vidare. Det vart kalla inn til avhøyr på Barnehuset, og foreldra skulle ikkje varslast. Lise og pedagogen førebudde barnet på kva som skulle skje, der barnet fekk vite kva som kom til å skje. Lise, pedagogen, barnet og barnevernet reiste til Barnehuset, utan foreldra. Dei vart varsla same dag som avhøyret. Avhøyret vart stoppa av ein forsvarsadvokat som meinte det skulle stoppast. Foreldra stilte seg uforståande til kva som hadde skjedd, og sjølv om både vi og barnevernet trudde på barnet, så stoppa alt opp, fortalde Lise.

Etter avhøyret ville ikkje foreldra at barnehagen skulle snakke om det som hadde skjedd med barnet. Det tok ganske lang tid før nokon snakka med barnet i ettertid. Lise snakka med foreldra i einerom i ettertid der dei fekk reinska opp i stoda, kor det kom fram at å sende melding til barnevernet var barnehagen si plikt. Etter ei tid vart det kalla inn til møte med barnehage på leiarnivå, foreldre, barnevern og leiar for ressursbasen i kommuna. Lise trudde

dei var rundt 10 – 12 stykk på dette møtet. Fokuset frå barnehagen si side var kven som tok ansvar for oppfølginga til barnet for å bearbeide overgrepa, når ikkje barnehagen hadde fått løyve frå foreldra. Dette vart til slutt barne – og ungdomspsykiatrien som fekk ansvar for oppfølging og samtalar med barnet i ettertid.

I den første saka til Karoline, så tok ho kontakt med barnevernet, og dei hjelpeinstansane dei hadde tilgjengeleg. Der fekk ho drøfta korleis ho skulle gå fram i forhold til vidare arbeid i barnehagen. I den andre saka hadde ho god dialog med Barnehuset, då med særskild tanke på korleis ho skulle gå fram før samtaler med barnet for å få meir informasjon om overgrepet. Barnehuset rettleia vidare korleis barnehagen skulle gå fram, og kva dei skulle gjere.

Silje fortalde at dei hadde eit ekstra auge med dette barnet etter mistanken frå mor kom fram, og gje det trygge og gode dagar i barnehagen der ein kunne leggje til rette for at dersom barnet hadde noko å fortelje, så var det rom for det. Barnevernet var allereie inne i saka, så ho hadde møte med barnevernet og mor, men det var ikkje direkte retta mot ankla mor hadde mot far. Ho kunne ikkje hugse at dei hadde nokon samtalar med barnet åleine.

Gjennom dette kapitlet har eg presentert informantane mine sine tankar og erfaringar, og prøvd å framstille dei mest mogleg ordrett etter transkriberinga. Vidare har eg lagt dei fram etter kategoriane; barna sin uttrykk om overgrepa, å skape tryggleik for barnet og den viktige samtalen. I neste kapittel vil eg bruke datamaterialet og sjå det i lys av kunnskapsgrunnlaget der eg vil drøfte og reflektere over både datamaterialet og kunnskapsgrunnlaget.



## Kapittel 5 – Drøfting og refleksjon

I dette kapitlet vil eg drøfte og reflektere kring datamaterialet informantane mine gav meg gjennom intervju. Datamaterialet vil bli drøfta og reflektert kring i lys av relevant teori. Her vil også mine eigne tankar kome fram.

### 5.1 Barna sine uttrykk – den vanskelege mistanken

Min første informant, Lise, fortalde om at barnet si åtferd skapte uro. Ho visste ikkje då kva det kunne vere, og trudde det kunne vere ei sak for pedagogisk – psykologisk teneste. I ettertid såg ho kor vanskeleg det var å vite om det var pedagogisk – psykologisk teneste eller barnevernet ein skulle samarbeide med, då uttrykka i åtferda til barnet var så diffus at det var vanskeleg å vite kva som låg bak. Lise sa det var ikkje før barnet fortalte verbalt om overgrepet at «alarmklokkene ringte litt», for å bruke hennar uttrykk.

Korleis kan barnehagelærarane møte barna med deira erfaringar om seksuelle overgrep?

Korleis er måten ein møter desse barna på annleis enn dei andre barna i barnehagen? Aasland (2009, s. 69) skriv at barn som har vore utsett for seksuelle overgrep, kan gje ulike signal, og nokre av desse kan vere vanskeleg å forstå seg på. Barnet kan prøve og formidle noko utan ord. Måten barna blir møtt på vil truleg vere avgjerande for om barnet vil fortelje eller ikkje. Silje nemnde at haldningane til den vaksne var viktig, og dersom den vaksne hadde tidlegare synt at samtale om kropp og liknande var ekkelt, vil truleg barnet heller ikkje snakke med denne vaksne om vanskelege ting med kroppen.

Lise si historie om dette barnet syner kor vanskeleg det er med mistanken om seksuelle overgrep. Kva ligg bak åtferda til barnet? På den eine sida har vi ei lang teoretisk liste over kva som kan vere moglege teikn på seksuelle overgrep (Aasland, 2009, s. 66 – 67). Det er nett det, det er *moglege* teikn. Dersom barnet endrar åtferd, *treng det ikkje å tyde* at det er utsett for seksuelle overgrep, men det *kan* samstundes vere eit signal om at barnet har vore utsett for seksuelle overgrep! På andre sida har vi ute i barnehagefeltet mange barnehagelærarar som gjer sitt beste for å sjå og høyre barna. Dei gjer sitt beste og søker hjelp med andre samarbeidspartnarar med felles mål om det beste for barnet, slik mine informantar gjorde. I

ettertid sit dei att med tankane om dei gjorde sitt beste og søkte rett hjelp til rett tid. Det var slik eg tolka Lise sin refleksjon når ho no reflektere i ettertid kring barnet sine uttrykk om overgrepet.

Det her syner kor vanskeleg det er å vite om det er seksuelle overgrep som ligg bak handlingar og åtferd til barna, eller om det kan vere andre årsaker. Det er viktig med kunnskap, samstundes så må ein likevel ikkje *sjå etter* teikn. Eg tenkjer det er ein skilnad på å *sjå etter teikn*, og å *vere heile tida medviten* på teikna, og vere ein sensitiv vaksen for å *sanse kva signal* barna gjev meg. Med dette meiner eg at ein ikkje skal leite etter teikn på seksuelle overgrep hjå barna, men derimot heile tida vere medviten på kva som kan ligge bak ulik åtferd til barna. Det er ikkje teikna i seg sjølv som alltid gjev sjølve bekymringa, men derimot korleis barnet er, og kva barnet eigentleg seier. Ein må ta seg tid til å lytte til kva barna eigentleg seier (Aasland, 2009, s. 65).

Karoline fortalte at barna hadde uttrykt seg verbalt begge gongane ho hadde arbeida direkte med barn der det var mistanke om dei hadde opplevd seksuelle overgrep. Kva skal til for at barn fortel på eget initiativ om noko så alvorleg som seksuelle overgrep til ein barnehagelærer? Sjøftestad (2005, s. 192) skriv at barn kan spontant formidle om ein overgrepssituasjon, og dette støtter det Karoline har opplevd i møte med barna. Dette er ofte utløyst av ei konkret hending, som kan ha skjedd i barnehagen. Slike spontane formidlingar er prega av forholdet mellom barnet og den vaksne, og Sjøftestad (2005, s. 193) skriv at tilliten her er viktig då den vil prege kva barnet seier, og kor mykje det vil seie. Sjøftestad si meining om fokuset på tillit samsvarar med at informantane min peika på at tryggleik var viktig for barna, då tillit ofte er prega av ei trygg kontekst. Karoline sa det var viktig å halde tilliten ved like med barnet etter barnet hadde fortald om overgrepet. Det var viktig å syne barnet at det kunne fortelje den vaksne om overgrepet utan relasjonen mellom den vaksne og barnet endra seg.

Det kan vere vanskeleg å vite om eit overgrep har skjedd, og det var det i Silje sin situasjon. Ho hadde fått beskjed frå mor til guten at faren hadde gjort upassande gjerningar mot sonen sin. Faren budde ikkje i området når guten gjekk i denne barnehagen, og guten synte ikkje

teikn på overgrep, fortalde Silje. Ho sa også at sidan det var mange år sidan dette skjedde, så undrar ho no på om dei hadde for lite kunnskap til å sjå eventuelle teikn og signal guten kunne ha gitt. Barnehagen undra seg også over åtferda til mor. Kvifor sa ho det ho gjorde? Kva var det med ho? Dette var tema Silje og pedagogiske leiarar drøfta på møte saman. Samstundes måtte dei tru på mor, og skjerme guten frå far, dersom det skulle bli naudsynt.

I denne saka var det mykje ein måtte gjette seg til. Kva hadde eigentleg skjedd? Og kvifor gav ikkje guten noko uttrykk? Kunne det vere på grunn av at far ikkje var i nærleiken? Eller var ikkje skuldingane frå mor så alvorlege som ho sa? Barnehagen fekk aldri noko konkrete svar, og det var veldig tvitydig, i følgje Silje. Kva kan barnehagelæraren gjere i eit slikt tilfelle? Ei tilnærming frå den vaksne si side med barn som har opplevd seksuelle overgrep, er å vere fleksibel og sensitiv i relasjonane til barnet, der det er føresetnad for tryggleik og vere forutsigbar (Norheim 2014, s. 177). Det informantane mine gjorde i deira situasjonar, kjem eg attande i neste delkapittel.

## **5.2 Å skape tryggleik for barna**

Alle informantane mine var samde om at når dei møtte barnet etter mistanken om seksuelt overgrep, var det viktig med tryggleik, syne tillit, bry seg om barnet og tru på det, vere ein vaksen barnet kunne stole på, vere ein sensitiv vaksen og gjere barnehagekvardagen så normal så råd. Dei hadde alle eit særskilt fokus på at den vaksne skulle gjere alt så trygt som mogleg for barnet. Dette støtter med Hopper, Bassuk & Olivet sitt omgrep traumemedviten omsorg som byggjer på at omgjevnadane er prega av tryggleik, god relasjon og kjensleregulering (sitert i Jørgensen & Lillevik, 2016, s. 189). Det kan vere bra å regulere kjenslene som kjem ut, men når barnet har opplevd noko traumatisk som seksuelle overgrep, må det ikkje då få uttrykke kjenslene sine? Vil ikkje å få uttrykke kjenslene sine vere ein del av at barnet er i ein trygg relasjon?

Noko av det viktigaste for barn sin tryggleik, er at dei nære omsorgspersonane til barnet, har fått informasjon om stoda til barnet, og at barnet veit dette (Øvreeide, 2009, s. 173). Kva skal vi då gjere når vi ikkje kan ta kontakt med dei nærmaste omsorgspersonane til barnet, nemleg foreldra? Kva bør barnehagelæraren gjere? To av informantane fortalde om at det var

vanskeleg med foreldresamarbeid då dei ikkje kunne fortelje foreldra om kva barnet hadde fortald, då det var usikkert om foreldra hadde noko med overgrepet å gjere. Frå barnehagelæraren si side så har vi dei teoretiske perspektiva om omsorg og korleis utøve dei i praksis. Det står i Rammeplanen at barnehagen *skal* (mi utheving) ta vare på barna sitt behov for omsorg (KD, 2017, s. 16). Tholin hevda i 2008 at omsorg skal gjennomsyre alt arbeid i barnehagen, og det er i handling barnehagelærarar sin solide kunnskap kjem til uttrykk (sitert i Tholin, 2013, s. 25). Barnehagelæraren bør arbeide vidare med relasjonen til barnet, og synleggjere for barnet at barnehagelæraren er ein tillitsperson barnet kan tru seg til. Dette kan i følgje Søftestad (2005, s. 193) vere ei krevjande oppgåve då barn som har over utsett for seksuelle overgrep, har fått opplevd brot på tillit før, og kan kjenne på svik frå alle rundt seg som ikkje har hjelpt barnet før. Barnet kan på si side ta med seg sine erfaringar med tillit inn i nye relasjonar. Det er jo ingen som har hjelpt barnet før no, så kvifor skal det stole på dei vaksne rundt seg? Samstundes hevdar Søftestad (2005, s. 193 – 194) at kvar relasjon er unik, og dersom ein gjev barnet den tida barnet treng, så vil det vere eit godt utgangspunkt for å arbeide med tilliten til ein ny relasjon skapt i tryggleik. I Lise sin situasjon vart dette ei utfordring då foreldra nekta barnehagen å snakke med barnet om det seksuelle overgrepet som hadde truleg skjedd. Foreldra meinte det var ikkje barnehagen sin jobb, og overgrepet hadde ikkje skjedd. Når ein møte slike utfordringar, er det vanskeleg å kunne arbeide med relasjonen til barnet.

Kvar var tryggleiken når mor mistenkte far for seksuelle overgrep? Frå praksisfeltet si side og Silje sitt tilfelle måtte dei ta utgangspunkt i det mor sa var sant, og Silje sa det dei kunne gjere for barnet var å gje det trygge og normale dagar i barnehagen. Det var vanskeleg å sei noko sikkert om barnet var utsett for overgrep, då det ikkje vart observert nokon signal eller utsegn frå barnet om overgrep. Kanskje guten kjende tryggleiken når far ikkje lengre budde i nærleiken? Då var truleg barnehagen tryggleik ettersom far ikkje var der. Samstundes skriv Aasland (2009, s. 118) at barnet kan kjenne sorg i at ein nær omsorgsperson, i dette tilfellet far, er borte. Sjølv om omsorgspersonen har gjort vonde gjerningar og gitt smerte til barnet, hugsar også barnet det gode med omsorgspersonen.

Etter slik eg har oppfatta informasjonen frå informantane mine, så har dei vore oppteken av å skape trygge kontekstar kring barna som har opplevd seksuelle overgrep. Dette går under eit av områda Jørgensen og Lillevik (2016, s. 190) hevdar er viktig å arbeide med i barnehagen etter barn har opplevd seksuelle overgrep.

### 5.3 Den viktige samtalen – tid til ettertanke

På den eine sida har vi dei formelle undersøkjande samtalane som eit verktøy for å finne informasjon om overgrepet (Øvreeide, 2009, s. 168). Karoline var den einaste av informantane som hadde gjennomført ein planlagt samtale. Ho hadde tatt opp tråden med barnet etter dialog med Barnehuset, og laga opne spørsmål ho skulle stille barnet. Karoline hadde med papir og notere på til samtalen, og barnet fekk lov og teikne langs med. I følgje Øvreeide (2009, s.168) handlar dei undersøkjande samtalane om å få informasjon som barnet sit på, og som den vaksne treng for å ivareta barnet sine behov og eventuelt betre livssituasjonen. Desse samtalane er det Sjøftestad (2005, s. 188 – 189) kallar for avdekkande samtalar, og er gjeldande når barnet veit noko den vaksne veit. Barnet kan ha særskilde erfaringar som den vaksne treng å vite for å hjelpe barnet. Karoline trengde meir informasjon om det barnet hadde fortalt, med føremål om å hjelpe barnet.

På den andre sida har vi dei uformelle og spontane samtalane i kvardagen. Desse er det ofte barna som tek initiativ til for å dele noko dei ynskjer. Det kan også vere dei vaksne som oppdager noko viktig ved barna sitt liv, og tek initiativ til å spørje barnet om dette (Sjøftestad, 2005, s. 192). Lise fortalde at etter barnet fortalde om overgrepet til pedagogisk leiar, og dei hadde vore i avhøyr på Barnehuset, tok barnet initiativ til uformelle samtalar om deira felles oppleving av avhøyr og liknande på Barnehuset. Lise reflekterte kring dette med at det var nok på grunn av ho sat på kontoret, og barnet assosierte Lise med alt som hadde skjedd før, og den gongen dei var på Barnehuset.

Etter avhøyret sa foreldra til barnehagen at barnehagen hadde ikkje lov å snakke med barnet om det barnet hadde fortalt om seksuelle overgrep. Slik eg forstod det, var dette vanskeleg då barnehagen ynskte å snakke med barnet for å vite kor det gjekk, og la det få lov til å fortelje om det som skjedde. Ettersom foreldresamarbeid må byggje på gjensidig openheit og tillit, der foreldra må kunne stole på dei tilsette i barnehagen (Eriksen & Germeten, 2012, s. 64), vart dette ei utfordring for barnehagen. Karoline og Lise meinte det var vanskeleg å stå i ei sak der foreldresamarbeidet allereie var skada på grunn av barnehagen hadde meldt saka til barnevernet, samstundes så kunne ikkje barnehagen gjere så mykje meir for barnet slik stoda var.

Korleis kunne barnehagelærarane bruke samtalar med barn som ein metode som satt barnet i fokus? Kan det ikkje bli lett at fokuset vert for mykje på informasjonen barnehagelæraren vil vite, og for lite på barnet sitt behov? Praksisfeltet har synt i to av mine intervju at planlagde samtalar med barn er ikkje ukjend for dei, sjølv om Lise reflekterte kring om dei hadde snakka med barnet, og var oppteken med oppfølginga til barnet. Lise poengterte at sjølv om det var viktig å snakke med barnet, så skulle ikkje fokuset i barnehagen heile tida vere på det ekle som hadde skjedd. Ho fortalde det var viktig at barnet fekk snakke om andre ting også. Karoline sette barnet i fokus ved å ta opp att tråden, og stadfeste at ho hadde høyrte kva barnet hadde sagt før. På den måten kjende kanskje barnet at det barnet fortalde tidlegare, var viktig, og dei vaksne var interessert i å hjelpe det.

I dette kapitlet har eg teke fram kva informantane mine har gjort i ulike møter med barna som har vore mistanke om seksuelle overgrep, og reflektert og drøfta over handlingane i lys av sentral teori. Neste kapittel er konklusjon og avslutninga på oppgåva mi. Her vil eg svare på problemstillinga mi om kva legg barnehagelærarar vekt på i arbeid med barn der det er mistanke om seksuelle overgrep.

## Kapittel 6 – Konklusjon

Arbeidet med denne oppgåva har gjeve meg meir kunnskap og ei større innsikt i arbeidet barnehagane gjer i forhold til seksuelle overgrep. Samstundes gav informasjonen eg fekk i intervjuet eit meir heilskapleg syn der eg fekk ny kunnskap om korleis barnehagen møter barnet etter mistanke om seksuelle overgrep, og kva barnehagen kan gjere etter mistanken. No vil eg oppsummere problemstillinga mi: *«Kva legg barnehagelærarar vekt på i arbeid med barn der det er mistanke om seksuelle overgrep?»*.

I oppgåva har eg fokusert på stadiet der barnehagen fekk mistanke om eit barn var utsett for seksuelle overgrep, og fekk vite korleis barna hadde uttrykt seg. Der barna uttrykte seg verbalt i tilfella eg fekk vite om, og det var i situasjonar med fleire barn rundt, så tok barnehagelæraren opp att tråden med barnet ved seinare høve. Dette synte at kunnskap om samtaler med barn og vere sensitiv vaksen er viktig for meg som kommande barnehagelærar.

Kort oppsummert var informantane samde om at det var viktig å vere ein vaksen barnet kunne snakke med i ettertid, men at kvardagen var likevel normal og prega av tryggleik. Den vaksne måtte syne at ein trudde på barnet, og vere sensitiv for det barnet måtte ynskje å formidle.

Eg har fått inntrykk av at Barnehuset er ein viktig ressurs for barnehagane etter mistanken om overgrep då ein får rettleiing steg for steg der. Ein får vite om det er nok informasjon til å sende bekymringsmelding til barnevernet, eller kva eventuelt meir barnevernet treng å vite.

Mi forståing etter denne fordjupinga i temaet seksuelle overgrep, er at vi må skape tryggleik for barnet og vere ein open vaksen som trur på barnet. Det er betre å søkje rettleiing hjå Barnehuset, enn å tvile på og undre seg over om ein gjer det rette. Barnehagelærarane arbeider med temaet seksuelle overgrep og kompetanseheving på området, for å gjere ein endå betre jobb enn dei allereie gjere. Det er ikkje alltid lett å vite om ein gjer det godt nok, eller det

rette, særskilt med tanke på ein ikkje får tilbakemelding frå barnevernet om det faktisk har vore eit seksuelt overgrep.

Dersom eg skulle undersøkt meir om dette temaet, ville eg hatt fleire barnehagelærarar, slik eg fekk fleire synspunkt som utgangspunkt for drøftinga. På grunn av storleiken på oppgåva vart det ikkje rom for fleire informantar, og dette var eg i dialog med rettleiar om. Eg kunne også ha analysert dokument og planar dei ulike barnehagane arbeidar som utgangspunkt for seksuelle overgrep.

Oppgåva er ingen fasit, men derimot innblikk i erfaringane til dei barnehagelærarane eg intervjuar. Dette er min konklusjon utifrå mine funn i intervjuar og i drøftinga. Oppgåva er meint å gje eit innblikk i eit tema som eg hevdar framleis er tabu i samfunnet vårt, og det samsvarar med Søftestad si meining også (2005, s.25). Etter det eg har funne, er det lite forskning på temaet seksuelle overgrep, og det er viktig med openheit om temaet, og kan kanskje vere utgangspunkt for vidare undersøking.



## Litteraturliste

- Andersen, I.A. (2014). Traumebevisst tilnærming. I: S. Sjøftestad & I. L. Andersen (Red.), *Seksuelle overgrep mot barn. Traumebasert tilnærming* (s. 132 – 146). Oslo: Universitetsforlaget.
- Barnehageloven. (2005). *Lov om barnehager*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Benum, K. (2003). Møte med den som er alene og redd. Ressursorientert terapiarbeid med fokus på etablering av trygghet og beskyttelse etter langvarige traumer. I: T. Anstorp, B.I. Hovland & E. Torp (Red.), *Fra skam til verdighet. Teologisk og psykologisk arbeid med vold og seksuelle overgrep*. (s. 135 – 160). Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. 6.utg. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Forvaltningsloven. (1967). *Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10>
- Jørgensen, T.W. & Lillevik, O.G. (2016). Traumebevisst omsorg i arbeid med voldsutsatte barn. I: K. Melvik, O.G. Lillevik & O. Edvardsen (Red), *Vold mot barn. Teoretiske, juridiske og praktiske tilnærmingar*. (s. 186 – 206). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Kripos. (2016). Seksuelle overgrep mot barn under 14 år. Henta 10.desember 2017 frå [https://www.politiet.no/globalassets/04-aktuelt-tall-og-fakt/overgrep/seksuelle-overgrep-mot-barn-under-14-ar\\_web.pdf](https://www.politiet.no/globalassets/04-aktuelt-tall-og-fakt/overgrep/seksuelle-overgrep-mot-barn-under-14-ar_web.pdf)
- Kunnskapsdepartementet. (2003). Seksuelle overgrep mot barn. En veileder for hjelpeapparatet. Henta 29.august 2017 frå [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2003/0017/ddd/pdfv/286825-seksuelle\\_overgrep\\_mot\\_barn.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2003/0017/ddd/pdfv/286825-seksuelle_overgrep_mot_barn.pdf)
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Innhold og oppgaver*. Oslo: Pedlex.
- Nilssen, V. L. (2012). *Analyse i kvalitative studier. Den skrivende forskeren*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Norheim, H. S. (2014). Traumebevisst arbeid i skolen. Utfordringer og muligheter. I: S. Sjøftestad & I. L. Andersen (Red.), *Seksuelle overgrep mot barn. Traumebasert tilnærming* (s. 176 – 187). Oslo: Universitetsforlaget.
- Sjøftestad, S. (2005). *Seksuelle overgrep. Fra privat avmakt til tverrfaglig handlekraft*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sjøftestad, S. (2014). Traumebevisshet i samtaler mellom barn og voksne om seksuelle overgrep. I: S. Sjøftestad & I. L. Andersen (Red.), *Seksuelle overgrep mot barn. Traumebasert tilnærming* (s. 132 – 146). Oslo: Universitetsforlaget.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. 4.utg. Bergen: Fagbokforlaget.
- Tholin, K. R. (2013). *Omsorg i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Øvreeide, H. (2009). *Samtaler med barn. Metodiske samtaler med barn i vanskelige livssituasjoner*. 3.utg. Oslo: Høyskoleforlaget.
- Aasland, M. W. (2009). «Si det til noen.» *En bok om seksuelle overgrep mot barn og unge*. 2. utg. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

## Vedlegg

### 1. Informasjonsskriv og samtykkeskjema til informantane

#### Bacheloroppgåve om etterarbeid etter avdekt seksuelle overgrep

## Bakgrunn og føremål

Namnet mitt er xxxxxxxxxxxxxx, eg er xx år og går siste året barnehagelærer ved Høgskulen i Volda. Dette semesteret skal vi skrive bacheloroppgåve med frivillig fordjupingsområde, og eg har vald problemstillinga «*Korleis arbeider med barnehagetilsette med barn etter avdekt seksuelle overgrep?*». Eg er interessert å få vite meir om temaet då eg tykkjer eg har for lite kunnskap om dette som kommande barnehagelærer. Eg er ute etter arbeidsmåtar og erfaringar, ikkje opplysningar om sakene, jamfør teieplikta.

I studiet er det ønskje om informantar som har arbeida med barn som har opplevd seksuelle overgrep då det vil kunne gje eit betre svar på problemstillinga mi.

Studiet er ei bacheloroppgåve som er obligatorisk i barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen i Volda. Oppgåva er eit individuelt arbeid som gjev 15 studiepoeng og skal leverast seinast 05.01.18.

## Kva vil det seie å delta i studiet?

Informasjonen vil bli samla inn gjennom kvalitativt intervju på om lag 30 minutt. Det vil seie at du får spørsmål som ikkje er avkryssing, men opnar for fordjuping av temaet. Under intervjuet vil det bli gjort lydopptak som seinare skal transkriberast.

## Kva skjer med informasjonen om deg?

All informasjon og personopplysningar vil bli handsama fortruleg, og anonymisert i oppgåva. Lydopptaket vil bli sletta rett etter student har transkribert det, og anonym transkripsjon av intervjuet vil vere vedlegg til oppgåva. Med anonym transkripsjon meinast det at dialekter vert omsett til nynorsk, slik ikkje noko kan sporast til deg. Ettersom det er krav frå Høgskulen i Volda at samtykkeskjema er vedlagt oppgåva, vil skjemaet bli anonymisert ved å skjule

namnet ditt. Bacheloroppgåva vil bli publisert offentleg av Høgskulen i Volda dersom studenten oppnår karakter A eller B.

### **Frivillig deltaking**

Det er frivillig å delta i studiet, og du kan når som helst trekkje samtykket ditt utan å grunngje det.

Dersom du har spørsmål, ta kontakt med student xxxxxxxxxxxxxxxx på mobil xxxxxxxx, eller rettleiar xxxxxxxxxxxxxxxx på e – post: xxxxxxxxxxxxxx@xxxxxxxx

### **Samtykke til deltaking i studiet**

Eg har motteke informasjon om studiet og vil delta:

-----  
(Signert av informant, dato)

## 2. Intervjuguide med oppfølgingsspørsmål

- 1) Kor lang fartstid har du i barnehage?
- 2) Kor lang fartstid har du i denne barnehagen?
- 3) Kva utdanning har du?
- 4) Har barnehagen planar og anna dokument som de jobbar med i forhold til seksuelle overgrep? Kven har i så fall utarbeida den?
- 5) I kva grad opplever du at utdanninga gjev kompetanse om seksuelle overgrep?
- 6) I kva grad blir seksuelle overgrep eit tema i barnehagen?
  - Av personalet, barna, med foreldra
  - Foreldremøte, faglege diskusjonar, spontane tema
- 7) Når overgrepet vart avdekt, korleis fann barnehagen det ut?
  - Foreldre, barnet fortalde sjølv, andre
- 8) Kva har barnehagen gjort for å hjelpe barna i ein så vanskeleg situasjon?
  - Om barnet har kome med ulike kjensler, korleis har det blitt møtt?
  - Har foreldresamarbeid vore aktuelt? Andre signifikante andre for barnet?
  - Er det berre barnehagelærarar som har arbeidd med barnet eller assistentar/fagarbeidarar også?
  - Har det vore internt arbeid med seksuelle overgrep? T.d. kurs, informasjon.
- 9) Korleis har barna uttrykt at dei har vore utsett for overgrep?
  - Verbalt, formelle eller uformelle samtalar
  - Kroppsspråk
  - I rolleleik, anna leik? Har det vore vaksne med i den leiken eller berre barn?  
Korleis fekk du vite det om det var berre barn i leiken?
- 10) Korleis har barna vore i ettertid av overgrepet?
  - Har barna endra åtferd? Meir innadvendt/utadvendt?
  - Har det vore vanskeleg å få kontakt med barnet?
  - Korleis har det vore i leikesituasjonar?
  - Snakka barnet på eget initiativ om hendinga i ettertid eller tok vaksne initiativ?  
Om det har blitt snakka om, i kva kontekst skjedde det?
- 11) Kva har vore viktig i møte med barna?
  - Kva har du vore særskilt merksam på?
- 12) Korleis arbeider barnehagetilsette etter avdekt seksuelle overgrep?

- Kva type arbeidsmåtar/metodar? – samtalar, små grupper i barnehagen, samarbeidspartar utanfor barnehagen, heimen
- Har du brukt planar/dokument i arbeidet etter avdekkinga eller arbeidd etter skjønn?
- Barn reagerer ulikt, men kan du gje døme på reaksjonar og korleis du møtte barnet i desse reaksjonane?